

Møte mandag den 9. desember kl. 10

President: J ø r g e n K o s m o

D a g s o r d e n (nr. 26):

1. Innstilling frå samferdselskomiteen om løyvingar på statsbudsjettet for 2003 vedkomande rammeområde 18, Fiskeridepartementet og Samferdselsdepartementet (Budsjett-innst. S. nr. 13 (2002-2003), jf. St.prp. nr. 1 (2002-2003) og St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 1 (2002-2003))
2. Innstilling fra samferdselskomiteen om omdanning av Luftfartsverket til aksjeselskap (Budsjett-innst. S. nr. 13 Tillegg nr. 1 (2002-2003), jf. St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 2 (2002-2003) kap. 2)
3. Innstilling frå samferdselskomiteen om Ryfylkepakken – innkreving av førehandsbompengar (Budsjett-innst. S. nr. 13 Tillegg nr. 2 (2002-2003), jf. St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 2 (2002-2003) kap. 3.1)
4. Innstilling fra samferdselskomiteen om Flytoget AS (Budsjett-innst. S. nr. 13 Tillegg nr. 3 (2002-2003), jf. St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 2 (2002-2003) kap. 4.1)
5. Innstilling frå samferdselskomiteen om BaneTele AS (Budsjett-innst. S. nr. 13 Tillegg nr. 4 (2002-2003), jf. St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 2 (2002-2003) kap. 4.2)
6. Innstilling frå samferdselskomiteen om endring av løyvingar mv. for 2002 på Samferdselsdepartementets område (Innst. S. nr. 66 (2002-2003), jf. St.prp. nr. 29 (2002-2003))
7. Innstilling frå samferdselskomiteen om forslag fra stortingsrepresentantene Per Sandberg, Karin S. Woldseth og Kenneth Svendsen om omlegging og utbygging av kommunal og offentlig informasjon gjennom bruk av eksisterende TV-nett (tekst-TV) frem til publikum i forbindelse med kommunal og regional utbygging av bredbånd (Innst. S. nr. 38 (2002-2003), jf. Dokument nr. 8:151 (2001-2002))
8. Innstilling fra samferdselskomiteen om endringer av bevilgninger mv. for 2002 på Fiskeridepartementets område (Innst. S. nr. 57 (2002-2003), jf. St.prp. nr. 23 (2002-2003) – kap. 1062 og 4062 Kystverket)
9. Innstilling fra justiskomiteen om forslag fra stortingsrepresentantene Jan Arild Ellingsen og André Kvakkestad om opprettholdelse av Nordfjord Sorenskrivarembete som eget domssogn (Innst. S. nr. 15 (2002-2003), jf. Dokument nr. 8:138 (2001-2002))
10. Innstilling fra kontroll- og konstitusjonskomiteen vedrørende granskning av opplysninger om overvåking av samer på etnisk grunnlag (Innst. S. nr. 60 (2002-2003))
11. Referat

Presidenten: Det kommer til å bli en ganske hektisk uke. Slik er det når vi kom såpass mye i utur med finans-

innstillingen. Det betyr at representantene må prøve å vise solidaritet med hverandre, dvs. at når man ber om ordet, så skal en alltid tenke på at det er noen som kommer og skal ha ordet på kveldsmøtet. Vi håper at vi skal kunne legge dette opp slik at det ikke skal være nødvendig med altfor mange dager utover kl. 24, men dette er mye avhengig av representantene selv. Så får vi håpe at vi et annet år greier å få finansinnstillingen i land såpass tidlig at vi får en bedre budsjettbehandling. Det er ikke tilfredsstillende å ha disse tunge budsjettene så tett inn på hverandre med såpass tøffe debatter, men jeg er sikker på at vi skal komme gjennom dette med nødvendig samarbeid.

Representantene Dagrun Eriksen, Bjørn Jacobsen og Hans R. Kjæstad, som har vært permittert, har igjen tatt sete.

Valg av settepresidenter

Presidenten: Presidenten vil foreslå at det velges to settepresidenter for Stortingets møter i inneværende uke – og anser det som vedtatt.

Presidenten ber om forslag på settepresidenter.

Jens Stoltenberg (A): Jeg foreslår Kjell Engebretsen og Oddbjørg Ausdal Starrfelt.

Presidenten: Kjell Engebretsen og Oddbjørg Ausdal Starrfelt er foreslått som settepresidenter. – Andre forslag foreligger ikke, og Kjell Engebretsen og Oddbjørg Ausdal Starrfelt anses enstemmig valgt som settepresidenter for Stortingets møter i inneværende uke.

Statsråd Svein Ludvigsen overbrakte 2 kgl. proposisjoner (se under Referat).

Presidenten: Representanten May Hansen vil framsette et privat forslag.

May Hansen (SV): På vegne av Magnar Lund Bergo og meg selv vil jeg fremme forslag om endring av aldersgrensene for film og videogram og lovforbud mot kino-reklame for barn under 7 år.

Presidenten: Forslaget vil bli behandlet på reglementsmessig måte.

Etter ønske fra samferdselskomiteen vil presidenten foreslå at sakene nr. 1, 3 og 4 behandles under ett. – Det anses vedtatt.

S a k n r . 1

Innstilling frå samferdselskomiteen om løyvingar på statsbudsjettet for 2003 vedkomande rammeområde 18, Fiskeridepartementet og Samferdselsdepartementet (Budsjett-innst. S. nr. 13 (2002-2003), jf. St.prp. nr. 1 (2002-2003) og St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 1 (2002-2003))

S a k n r . 3

Innstilling frå samferdselskomiteen om Ryfylkepakken – innkreving av førehandsbompengar (Budsjett-innst. S. nr. 13 Tillegg nr. 2 (2002-2003), jf. St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 2 (2002-2003) kap. 3.1)

S a k n r . 4

Innstilling fra samferdselskomiteen om Flytoget AS (Budsjett-innst. S. nr. 13 Tillegg nr. 3 (2002-2003), jf. St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 2 (2002-2003) kap. 4.1)

Presidenten: Etter ønske fra samferdselskomiteen vil presidenten foreslå at debatten blir begrenset til 2 timer og 5 minutter, og at taletiden blir fordelt slik på gruppene:

Arbeiderpartiet 30 min, Høyre 30 minutter, Framskrittspartiet 20 minutter, Sosialistisk Venstreparti 15 minutter, Kristelig Folkeparti 15 minutter, Senterpartiet 5 minutter, Venstre 5 minutter og Kystpartiet 5 minutter

Videre vil presidenten foreslå at det blir gitt anledning til replikkordskifte på inntil tre replikker med svar etter innlegg av hovedtalerne fra hver partigruppe og fem replikker med svar etter innlegg fra medlemmer av Regjeringen.

Videre blir det foreslått at de som måtte tegne seg på talerlisten utover den fordelte taletid, får en taletid på inntil 3 minutter.

– Dette anses vedtatt.

Petter Løvik (H) (leiar for komiteen): Regjeringa har fått gjennomslag for eit svært stramt budsjett. I den situasjonen vi har i Noreg, er dette nødvendig for å sikre arbeidsplassar, sikre næringsliv og halde renta nede. Likevel har vi fått til eit svært godt samferdselsbudsjett. Det er godt fordi løyvingane har auka på dei fleste viktige områda, og ikkje minst fordi det her ligg føre ei nytenking som byggjer eit fundament for framtidig satsing, for framtidig effektiv utnytting av dei midlane vi har, og for auka løyvingar i åra framover.

For å ta det med løyvingane først. Det er på vegsektoren svært mange års forsømmingar å ta igjen, og behovet er kolossalt. Derfor er vi svært glade for at vi i dei to åra vi har hatt denne regjeringa, har klart å få til ein svært sterk auke. I fjor auka vi totalt med 800 mill. kr på riksvegane. I år legg vi på toppen av dette 200 mill. kr, slik at vi totalt sett for desse to åra har ein auke på bortimot 1,8 milliardar kr i forhold til om vi hadde halde fram med det nivået vi hadde i 2001.

Vi får også lagt inn ein svært nødvendig auke på kollektivmidlane, 400 mill. kr i løyvingar, som i stor grad går til infrastrukturtiltak for å begynne å rette opp den vanskelege situasjonen. Vi konstaterer at i dei større byane er det omsyn til kollektivtrafikken som kanskje er det viktigaste. I andre delar av landet er det vegbygging.

Vi fekk i fjor gjennomslag for eit stort lyft i investeringar til jernbane. Vi vidarefører og aukar dette også i år. Vi har òg fått ein gledeleg auke til Luftfartsverket,

som er nødvendig på grunn av dei tapte inntektene ved nedgangen i flytrafikken dei seinare åra.

Når det gjeld nytenking, når det gjeld omstilling, vil eg spesielt peike på ei sak som får si endelege behandling og godkjenning av Stortinget i dag. Det er den store omstillinga vi har fått gjennomslag for når det gjeld Statens vegvesen. Eg skal ikkje kome så nøye inn på den saka, men berre konstatere at den omstillinga vi no gjer, sannsynlegvis vil spare oss for mellom ½ milliard og 1 milliard kr i året på sikt.

Vi gjer ein storinnsats når det gjeld ferjer. Vi har auka løyvingane på ferjesektoren dei siste fem åra med bortimot 60 pst., men vi innser at tilbodet på riksvegferjene er for dårleg, slik at vi vil prøve å betre det ved å leggje desse ut på anbod, noko som Stortinget vil gi si tilslutning til. Vi har også sagt, og får gjennomført, at i dei ferjesambanda der vi har underskot og staten må betale ganske store beløp, skal det vere mogleg å bruke desse midlane til å byggje vegar og bruer som kan erstatte ferjene, noko som på sikt vil spare staten for mykje pengar og samtidig gi trafikantane eit betre tilbod.

Vi har fått gjennomslag for å gjere Luftfartsverket om til aksjeselskap. Luftfartsverket slit, som eg sa, og den større fridomen dei får gjennom å bli aksjeselskap, vil gjere at dei betre kan utnytte dei ressursane som blir stilte til rådvelde.

NSB og Posten er allereie omdanna til aksjeselskap for å kunne utføre betre tenester for innbyggjarane våre. Vi er også i ferd med å få i løpet av eit år eller to konkurranse om sporet ved at NSB får konkurranse når det gjeld persontrafikken.

Ser ein alt dette i samheng, håpar eg at også andre enn regjeringspartia er imponerte over den omstillinga og nytenkinga vi har klart å få til. I ettertid kjem dette til å bli ståande som både eit taktskifte og eit hamskifte i norsk samferdsel til beste for innbyggjarane.

Det er, som eg sa, svært mange års forsømmingar å ta igjen på samferdselssektoren. Det merkar alle som ferdast rundt om i landet vårt. Inga regjering har hittil gjort meir for å kome i gang med ein opprettingsaksjon som den vi no er i full gang med.

Presidenten: Det blir replikkordskifte, begrenset til tre replikker.

Oddbjørg Ausdal Starrfelt (A): Eg trur nok, om me ser det i høve til kva som er lova og kva som er gjort, at det er mange som kan koma fram med mykje betre tal enn denne regjeringa. For her er det lova mykje, mykje meir enn det som vert halde m.a. i dag.

Eg har lyst til å spørja representanten Løvik om kvifor Høyre og regjeringspartia går imot at me skal få Jærbanen og godsterminalen på Ganddal som eit OPS-prosjekt. Begge prosjekta er viktige for å få fleire personar og meir gods over på bane. Det er faktisk nok gods til eit heilt vogntog til pr. døgn frå Stavanger til Oslo, men det er altså ikkje plass i Paradis, som det heiter der godsterminalen er no, til å handtere det godset. Og så utset me dette på ubestemt tid. Me er på etterskot i høve til prosjektet,

og me har ikkje tid å missa. Kvifor går ein då imot å gje klarsignal for eit OPS-prosjekt no? Godsterminalen må byggjast fyrst, for det sparar oss, ifølgje departementet, for 100–200 mill. kr i høve til i motsett rekkefølgje. Den måten å gjera det på sparar oss i tillegg for 10–15 pst., ifølgje Jernbaneverket. Det kan ikkje vera rimeleg å bruka eit hundretals millionar på den måten, ved å byggja to prosjekt i feil rekkefølgje. Kvifor vil regjeringspartia og Høgre utsetja og fordyra dette? I tillegg vil det også føra til 40 000–60 000 trailerar meir pr. år på vegen i eitt-to år.

Så ei lita sak til slutt. Det har oppstått ein del tvil om flytoget og prioritet på strekninga til Gardermoen. Eg undrast om representanten Løvik kan seia om denne prioriteten er til sals, altså om han kan seljast.

Petter Løvik (H): Som eg peika på i innlegget mitt, er det her ein lang veg å gå før vi klarar å oppfylle dei ønska som ligg føre på samferdselssektoren. Men ser vi på veg, ser vi at vi er i gang med det største løftet sidan motkonjunkturpolitikken tidleg på 1990-talet når det gjeld investeringar. Vi har også valt å bruke svært mykje på drift og vedlikehald, i og med at det svært ofte viser seg å vere der behovet er aller størst. Vi har også lagt opp til ein sterk auke på jernbanesektoren. Det er langt fram til at ønska og måla blir oppfylte der, men vi har fått kraftige lyft dei siste par åra også på den sektoren. Så vi er på veg, sjølv om både eg og regjeringspartia skulle ha ønskt at vi var komne betydeleg lenger.

Når det gjeld Jærbanen og godsterminalen på Ganddal, er ikkje vi imot godsterminalen og heller ikkje imot OPS-finansiering. Det som har vore diskusjonen i denne saka, er spørsmålet om Stortinget skal binde seg opp i ei bestemt rekkefølgje, at det eine skal kome før det andre. Det eg fryktar, er at dersom vi bind oss opp i dette, slik som Arbeidarpartiet nemner, vil vi risikere at det viktige dobbeltsporet på den banen kan bli forseinka. Det tek ikkje regjeringspartia sjansen på.

Til slutt: Flytoget og prioritet. Ja, eg kjenner den diskusjonen nokså godt, og statsråden vil seinare kome nærare inn på dette. Det er mi klare oppfatning at det ikkje er noko problem med å halde fram med den prioriteten som vi har hatt hittil, men, som sagt, statsråden vil utdjupe dette i sitt innlegg seinare i dag.

Thore A. Nistad (FrP): Representanten Løvik sa at det var et svært godt samferdselsbudsjett. Jeg husker godt at ved utarbeidelsen av Nasjonal transportplan var Høyre høyt på banen og lovet at nå skulle det satses på samferdsel, spesielt skulle det satses på veibygging. I Sem-erklæringen ble lovnaden fulgt opp, 600 mill. kr skulle plusses på. Nå viser det seg dessverre at Nasjonal transportplan viser minus 1,2 milliarder kr på vei. Sem-erklæringen er overhodet ikke fulgt opp, og flere og flere er nå av den mening at dokumentet Nasjonal transportplan, som vi utarbeidet, kun er et papirvedtak og modent for å gå i papirkurven.

Er representanten Løvik, som er leder av samferdselskomiteen, enig i at Nasjonal transportplan ikke blir fulgt opp?

Petter Løvik (H): Eg deler ikkje representanten Nistad sitt syn på at Nasjonal transportplan er moden for papirkorga. Det er ein svært viktig plan både når det gjeld å sjå dei ulike ferdselsårene i samanheng, og når det gjeld prioritering og investeringar. Og det kan vera nødvendig å minna representanten Nistad om at denne regjeringa, som eg har nemnt to gonger tidlegare, har fått gjennomslag med god hjelp frå Framstegspartiet for ein betydeleg auke i veginvesteringane.

Eg er fullstendig klar over at Framstegspartiet føreslår meir. Men når ein begynner å sjå på kva måte Framstegspartiet vil finansiere dei auka veginvesteringane på, er det verkeleg grunn til å steile. For kva er det Framstegspartiet gjer? Framstegspartiet seier dei vil ha omstilling i Vegvesenet, og at det vil spare oss for mykje. Dei kuttar absolutt alt på den omstillinga, altså null-stiller ho. Det er komplett umuleg å forsvare. Dei kuttar 650 mill. kr i ein avtale vi har inngått med NSB, ein avtale som er inngått, og som skal sikre lågare prisar og gode rutetilbod. Kva om det stod på eit skilt på Oslo S at annankvar avgang var avlyst på grunn av Framstegspartiet? Det ville vel ikkje representanten Nistad like?. Det skal effektivisering til i NSB, men vi klarer ikkje å effektivisere for så mykje som 650 mill. kr.

Framstegspartiet vil seinare i dag føreslå å auke tryggleiken ved større investeringar i Jernbaneverket. Samtidig kuttar dei 600 mill. kr i drift, vedlikehald og tryggleik på det same Jernbaneverket, og dei kuttar 400 mill. kr i investeringar, samtidig som dei vil ha meir investeringar. Og heilt til slutt: I Kystverket kuttar dei 180 mill. kr. 20 pst av Kystverket sine løyvingar skal kuttast. No skal Kystverket ta over akuttberedskapen langs kysten vår når det gjeld forureining, og dei har ansvaret for merking av leier. Dette vil Framstegspartiet kutte. Det går ikkje vi med på.

Geir-Ketil Hansen (SV): Konsekvensen av flertallets budsjettforslag til bevilgninger til riksvegfervedrift blir at fergene får en redusert ramme. Kronebeløpet fra årets budsjett blir videreført, men kostnadsøkningen er ikke kompensert. Det betyr i realiteten en rammereduksjon på 5–6 pst.

Fergedriften er en svært sentral del av infrastrukturen langs kysten for befolkningen og for næringslivet. Situasjonen innen fergesektoren er at vi har en svært gammel fergeflåte. I 2010 vil 121 av 190 skip være over 30 år. Behovet for fornying av flåten er stort, ikke minst på grunn av økte og skjærpede krav til sikkerhet. Det er i realiteten ikke bevilget penger til fornying av flåten i dette budsjettet.

I Nasjonal transportplan er det lagt opp til 15 nye skip i transportplanperioden. Vi ligger langt bak de nasjonale servicemål med hensyn til rutefrekvens. I et fylke som f.eks. Nordland er bevilgningen bare nok til å dekke 20 pst. av målene, og det gjelder for svært mange andre fylker langs kysten. Det betyr kort og godt at fergene går for sjelden, og at de har for liten kapasitet. Til tross for det blir det i realiteten mindre penger til fergedrift neste år.

Mitt spørsmål til komitelederen er: Bekymrer dette Høyre? Og hva vil Høyre gjøre for at befolkningen langs kysten skal få en moderne og oppegående fergedrift også i framtiden?

Petter Løvik (H): For det første: Dei tala som representanten Hansen presenterer, er ikkje korrekte. Det som ligg inne i budsjettet for i år i forhold til tidlegare budsjett når det gjeld riksvegferjer, er ein auke som omtrent svarar til prisstiginga. Det vil seie ei vidareføring av det nivået vi har i 2002. Eg vil også minne representanten Hansen om at vi i løpet av fem år har hatt ein auke på bort imot 60 pst. i løyvingane til riksvegferjer.

Eg deler Hansen si uro over både at ferjemateriellet er for gamalt, og at rutetilbodet mange stader ikkje er godt nok. Men vi har kanskje ikkje har klart å få ut av den kraftige auken i løyvingane så mykje betre tenester som vi hadde ønskt. Det er ein av grunnane og kanskje hovudgrunnen til at vi har gjort framlegg om – og i prinsippet har fått gjennomslag for – at riksvegferjer skal ut på anbod. For oss i regjeringspartia er det ikkje så viktig kven som fraktar passasjerane. Det viktigaste er at pengane – og vi snakkar trass i alt om 1,1 milliardar kr på dette området – blir brukte på ein slik måte at vi får best mogleg tenester ut av dette.

Eg deler den oppfatninga som Hansen har om at vi står framfor nye utfordringar her. Vi kan løyse dei med større løyvingar, og vi har, som sagt, auka dei også i år. Men det viktigaste er at vi får ei meir effektiv utnytting av dei ressursane vi har. Det håpar eg, og eg er sikker på at det vil gi resultat.

Presidenten: Replikordskiftet er omme.

Oddbjørg Ausdal Starrfelt (A): Etter ei tøff ulukkeshelg på norske vegar vil eg byrja med å seia at førebygging av ulukker alltid må stå i fokus. Behov og lyst til å koma fort fram må vika, og opplæring og kontroll må prioriterast.

«Høyt at flyve, dybt at falle» heiter det i eit ordtak. Det må vera ei dekkjande utsegn for regjeringspartia no, parti som lova gull og grøne skogar på samferdselsområdet, berre dei fekk styra. I fjor skulda dei på oss, på at det var lite dei kunne gjera når regjeringa Stoltenberg alt hadde lagt fram eit budsjett. I år skuldar dei på presset i økonomien og behovet for eit stramt budsjett. Det er gamalt nytt. Det presset var truleg større i fjor haust då dei same lovnadene vart gjentekne i Sem-erklæringa.

Eg hadde trudd at det no skulle verta auka løyvingar til samferdselsføremål. Det har det ikkje vorte. I Arbeidarpartiet la me inn 200 mill. kr ekstra i vårt alternative budsjett. Ikkje all verda, eg skal innrømme det, men meir enn Bondevik II fann plass til i fjor, og i overkant av resultatet av forliket. Desse pengane har Arbeidarpartiet først og fremst sett inn i ei næringslivspakke. Gode samferdselsløysingar er avgjerande for at bedrifter skal kunna etablere seg og driva – og folk bu – over det ganske land.

Samferdsel handlar mykje om veg i distrikta. Mange stader er dette, eventuelt kombinert med ferjer, det einaste alternativet. Tog er viktig i store delar av distriktet, og særleg viktig i og mellom byar og tettstader. Det er viktig i seg sjølv fordi det er den mest miljøvenlege transporten, og det er viktig for å få personbilar og store vogntog bort frå vegane. Difor har me i vårt alternative budsjett gjort framlegg om å løyva 10 mill. kr til ferdig planlegging av Eidangertunnelen, og 65 mill. kr til to kryssingsspor for nettopp å leggja til rette for å betra togtilbodet på viktige strekningar.

Regjeringspartia og Framstegspartiet har ikkje funne rom for ei einaste krone til jernbanen. Særskuffande er det at dei heller ikkje ynskjer å koma i gang med godsterminalen på Ganddal så snart som mogleg. Det er sjølv sagt fint at dei har gjort framlegg om å løyva 20 mill. kr til planlegging av Jærbanen. Det har berre den haken at både økonomi og miljøomsyn tilseier at godsterminalen bør byggjast fyrst. Dersom me byggjer Jærbanen fyrst, vil det altså ifølgje svaret frå departementet, som eg sa i ein replikk nettopp, føra til eit hundretals millionar i auka kostnader. Me i Arbeidarpartiet meiner at desse pengane kan brukast på ein mykje betre måte. I tillegg er det slik at dersom me byggjer Jærbanen fyrst, får me 40–60 000 trailerar ut på vegen mellom Stavanger og Kristiansand, eller kanskje heilt til Oslo, i eitt til to år.

Det er til og med slik at statsråden har uttalt seg positivt til at dette bør kunna byggjast som eit OPS-prosjekt. Framstegspartiet, som neppe kan seiast å vera eit jernbanevenleg parti, har òg uttalt seg positivt om saka. Det einaste fleirtalet oppnår med å stemma ned Arbeidarpartiet sitt forslag i dag, er å utsetja saka. Med eit vedtak her i dag kan Jernbaneverket byrja å planleggja prosjektet med det same, og me kan koma i gang ganske fort. Sjølv med denne framdrifta skal det noko til at me klarer å halda det me lova i samband med Nasjonal transportplan. Fleirtalet set dette ytterlegare ut i tid.

Eg er kjend med at Sandnes kommune slit med reguleringsplanen for Rv 44. Det er ein viktig veg, og eg er sikker på at Sandnes ser sitt ansvar etter kvart og får gjort naudsynte vedtak. Men reguleringsplanen for godsterminalen er klar, så kvifor denne forseinkinga skal oppstå for å ta det i rett rekkjefølgje, skjønar eg lite av. Eg vil be statsråden kommentera dette, fordi eg har problem med å skjøna grunngevinga. Dersom ho er positiv, som ho har sagt, kvifor utsetja naudsynte vedtak?

Arbeidarpartiet stør Regjeringa sitt framlegg om å etablere ei ordning som kan stimulere dei største byane til å satsa meir på kollektiv transport. Det er eit gode i seg sjølv fordi det er god miljøpolitikk. I tillegg vil det òg gjera det lettare å koma fram på vegane for dei som må vera der. Me tykkjer Regjeringa er lite ambisjos når ho vil bruka eit år på å planleggja ordninga. Me meiner det må vera mogleg å ha eit opplegg klart før sommaren og deretter starta opp. Difor går me inn for 50 mill. kr til dette i det budsjettet me stemmer for i kveld, altså innanfor dei rammene fleirtalet har gjeve oss. Men diverre ser det ut som me vert nedstemde. Eg vil invitera Regjeringa

og statsråden til å venda seg mot venstre for å få fleirtal for denne ordninga.

Når det gjeld veg, støttar me auka løyvingar til viktige prosjekt. Lofast får 35 mill. kr til oppstart. Det er me i Arbeidarpartiet glade for. Det er eit prosjekt som me stadig har pressa på for å få framdrift i.

Eiksundsambandet får med vår støtte 10 mill. kr. Det la me inn i vårt første alternativ, og det ligg inne no. Det er eit viktig samband, ikkje minst for næringslivet. Det same er Rv 5 Førde–Florø. Fleirtalet prioriterer eit anna prosjekt, men me ser det slik at det er viktigare for næringslivet å gjera ferdig dette prosjektet. Me støttar òg løyvingar til Rv 2 i Hedmark og til vidare arbeid på Bjørndalssletta i Kristiansand. Det vil hindra at arbeidet i Kristiansand stoppar opp, med dei økonomiske og arbeidsmessige konsekvensar dette har.

Så til nokre rammeuavhengige forslag. I dag er ein tung dag for Jondalen i Hordaland. Dei vart skuffa då Regjeringa ikkje kom tilbake med framlegg om avvikling av det som blir kalla store fylkesvegprosjekt. Det bad eit fleirtal om i fjor, og me likar dårleg i seg sjølv at det ikkje vert følgt opp. Eg vonar framleis at det vil verta ei overgangsordning. Eg har grunn til å tru at Framstegspartiet òg meiner det, men på grunn av budsjettavtalen kan dei ikkje seia det på den måten no.

Me er heller ikkje nøgde med den gjennomgangen av bompengefinansiering som ligg i budsjettet. Me vonar at Regjeringa kjem tilbake med ein grundigare gjennomgang, seinast i samband med Nasjonal Transportplan. Det undrar oss òg at støtta til ekspressbussane er tekne bort utan argumentasjon, trass i klare fleirtalsmeldingar i fjor. I Arbeidarpartiet ser me positivt på det meste som skjer på dette området, men me tykkjer nok at løyvingspolitikken er vel liberal der bussane går i direkte konkurranse med og parallelt med jernbanen. Men her ser me òg ut til å vera i mindretal.

Til slutt i sak nr. 1 vil eg nemna at Arbeidarpartiet no er ein del av eit fleirtal som ynskjer å ha rassikring som ein eigen post. Me ser det som svært viktig å få synleggjort rassikringa, og me legg stor vekt på at den nasjonale rassikringsgruppa er sterkt for ein eigen post. Viktigare er det sjølv sagt at rassikring vert prioritert. Det handlar om tryggleik i kvardagen, ikkje minst for ungane våre. Det kan aldri sjåast på i eit reint kost-nytteperspektiv, og eg må innrømme at eg er noko uroleg for utviklinga mot å tenkja meir og meir på kva som svarar seg i samferdselspolitikken. Arbeidarpartiet er glad for at me i dag vedtek eit budsjett som har prioritert rassikring, men det er mykje som står igjen.

Til slutt vil eg ta representantane med til Ryfylke, byrjinga på Fjord-Noreg på Vestlandet. Der er det mange perler. Der er det fiske og landbruk. Der er det tungindustri og turisme. Eg trur det er godt å bu der for dei nær 14 000 som bur der, og det er mange som ferierer der. Innbyggjarane er berre så inderleg avhengige av ferjer, så avhengige at det ikkje er mogleg for dei å koma frå t.d. Tau og Strandalandet til Stavanger utan ferjer. Ryfylke er ei halvøy, men når det gjeld samferdsel, fungerer ho som ei øy. Med ferje frå Tau til Stavanger tek det 40 minutt.

Ein nydeleg tur om ein har god tid og om ein når ferja, men eit problem når ein skal på jobb og ferja ikkje kjem, er full eller det er ferjestreik. Ikkje minst er dette eit problem for næringslivet som m.a. skal sørover med eit veksende omfang av oppdrettsfisk.

Difor er eg glad for Ryfylkepakka – ei pakke med seks ulike prosjekt i Ryfylke, ei pakke som vil binda Ryfylke betre saman, og som når alt er ferdig, vil gjera turen frå Tau til Stavanger på maks 15 minutt med heilkontinuerleg opningstid ved bygging av Ryfast, og ei pakke som vil gjera det lettare å koma både sørover på E39 og austover på E134. I dag tek me berre stilling til spørsmålet om bompengar. Bompengar skal finansiera 70 pst. av utgiftene.

Kan så bompengar vera ei god sak, vart eg spurt om i gruppa. Ja, Ryfast er planlagt å vera 100 pst. bompengefinansiert. Der folk er vane med bompengar i form av billetter på ferjene, som går berre delar av døgnet, er faktisk bompengar for å få ei anna løysing, ei god sak.

Men, som sagt, i dag er det er snakk om godkjenning til å krevja inn bompengar på tre samband for å finansiera planlegging av to av delprosjekta i pakka, nemleg Finnfast og Rv 13. Alt det andre kjem me tilbake til.

Det er eit stort fleirtal som står bak. Framstegspartiet vil løyva alle pengane. I år fekk dei 150 mill. kr ekstra til veg i forliket med regjeringspartia. Det er ikkje mange bomprosjekt dei kan erstatta med desse pengane, så vårt alternativ er nok meir realistisk.

Andre talarar frå Arbeiderpartiet vil koma tilbake til andre saker. Me er, som eg nemnde i replikken min til representanten Løvik, opptekne av spørsmålet om prioritet for Flytoget, og at dette må vera i høve til EØS-avtala.

Presidenten: Representanten Ausdal Starrfelt hadde ingen forslag hun skulle ta opp?

Oddbjørg Ausdal Starrfelt (A): Takk, president!

Eg vil ta opp dei forslaga som Arbeidarpartiet har fremja på vegner av seg sjølv eller i hop med andre parti.

Presidenten: Da har representanten Ausdal Starrfelt tatt opp de forslag hun refererte til.

Det blir replikkordskifte.

Anne Berit Andersen (H): Representanten Ausdal Starrfelt kom inn på at Regjeringen lovet gull og grønne skoger for et år siden. Jeg vil si til representanten Ausdal Starrfelt at jeg er stolt over det budsjettet som ligger her i dag, fra samferdselskomiteen.

Det er en kraftig økning, og hvis Ausdal Starrfelt har gått inn og sett på de strukturendringene som er foretatt i løpet av dette året, har hun sett at det er historisk. Det vi ser, er at de midlene vi sparer gjennom omstilling og konkurranseutsetting, får vi igjen ved at vi får mer vei for pengene.

Jeg syntes det var en tankevekker at ikke Ausdal Starrfelt nevnte denne store omstillingen som har skjedd i løpet av dette året, og jeg tror det har én grunn: De går

motvillig med på strukturendringer. Det skal helst være som før.

Det undrer meg litt når jeg hører den kritikken som mange ganger kommer i forbindelse med de endringer som blir foretatt. Regjeringen Stoltenberg foreslo i 2002-budsjettet å gi Regjeringen fullmakt til å omgjøre Jernbaneverkets forretningsområder til AS. Da lurer jeg på hvorfor det hele veien skal være så kritiske holdninger til de endringer som denne regjeringen foretar.

Høyre gikk i Nasjonal transportplan inn for å vurdere OPS-utbygging av Mosseveien i tunnel. Arbeiderpartiet gikk imot. Det er derfor positivt å se i dag at Arbeiderpartiet har snudd og nå sikrer flertall for en slik vurdering. Jeg vil gjerne spørre Ausdal Starrfelt: Hva er det som har gjort at Arbeiderpartiet har snudd?

Oddbjørg Ausdal Starrfelt (A): Det var mange spørsmål på kort tid. Eg tek ikkje frå representanten retten til å vera stolt over eit budsjett. Eg forstår det ikkje. Eg forstår ikkje korleis ein kan vera stolt over at det vert løyvt milliardbeløp mindre enn ein har lova. Det forstår eg ikkje.

Når det gjeld strukturendringene, er me skeptiske til ein del av dei. Når det gjeld rassikring, er eg som eg nemnde, redd for ei utvikling der det berre er kommers, at det berre er kva som svarar seg, som skal vera avgjerande. Me trur at jo meir me liberaliserer, jo større er faren for at samfunnsinteresser må vika for reine kost-nyttevurderingar. Difor har me no halde att i dei siste strukturendringene.

Når det gjeld Vegvesenet, tykkjer eg at departementet har takla prosessen bra etter at dei gjorde eit feil vedtak. Me meiner framleis at vedtaket var feil, både fordi me meiner det er mogleg gjennom meir samfunnsstyring å ha ein divisjonsmodell og oppretthalda meir statleg produksjon, og fordi me meiner det var ein feil måte å gjera det på. Då det vart bestemt over bordet i fjor, ville me ha ein divisjonsmodell. Men dette fleirtalet bestemte at dei ville ha eit AS, og då tykkjer me den prosessen har vore takla ryddig. Ein kom litt seint i gang, og det var nokre ganske kraftige problem her i vår, men no har ein landa med noko som me kan leva godt med.

Svaret til representanten på spørsmålet om kvifor Arbeidarpartiet er kritisk til den høgredreinga som skjer i norsk politikk, er at det vel jammen seier seg sjølv. Det skulle berre mangla at ikkje Arbeidarpartiet var kritisk til ei høgredreing med liberalisering på alle felt, med meir konkurranseutsetjing på alle felt. Det vil ikkje seia at ein er negativ til alle nye måtar å gjera det på.

Når det gjeld OPS, har me ikkje vore imot det. Me har berre vilja ta det litt steg for steg, og no var me interesserte i å ta eit steg når det galdt Jærbanen, der me altså går føre Regjeringa.

Kenneth Svendsen (FrP): I forrige periode reiste samferdselskomiteen rundt i landet og besøkte alle fylkene. Vi så på vegstrekninger og på hvor behovet var for vegbygging etc. I denne perioden har vi startet på den samme runddans. Vi har vært i flere fylker og sett på behovet for bygging av veger. Det utarbeides planer, og når

Nasjonal transportplan er vedtatt – og i den ligger det også forslag fra de forskjellige partiene om hva de har tenkt å gjøre de neste fire årene – så er det første de forskjellige partiene gjør, å løpe fra sine løfter. Jeg synes svaret fra Løvik til Nistad var interessant: Man skylder på hverandre. Jeg hørte også at representanten Ausdal Starrfelt skylder på Høyre fordi de ikke har oppfylt sine løfter. Men ansvaret for å holde løfter ligger vel hos det enkelte parti som lover noe? Da er det jo forunderlig at både Arbeiderpartiet og Høyre kjører et råt løp der de beskylder hverandre for ikke å holde løfter. Ingen av dem oppfyller sine løfter. De løper fra sine løfter så fort som føttene klarer å bære dem.

Mine spørsmål er: Er ikke de løftene som gis til folk av de enkelte parti, i hvert fall fra Arbeiderpartiet og Høyre, i Nasjonal transportplan, i realiteten å holde folk for narr? Hvorfor oppfyller ikke Arbeiderpartiet sine egne løfter? Jeg håper jeg får et konkret svar på det, og ikke et slikt som Løvik gav da han gikk til frontalangrep i den tro at angrep er det beste forsvar.

Oddbjørg Ausdal Starrfelt (A): Det er behov for veger i dette landet. Eg har òg eg sett det på mange av desse turane rundt i fylka, men det er òg behov for andre samferdsleløyvingar. Nasjonal transportplan er ikkje berre ein framdriftsplan, men ein heilskapleg plan. Han er ein bra reiskap dersom ein følgjer han opp. Eg er samd med Kenneth Svendsen i at me ikkje er gode nok. Eg tykkjer ikkje Arbeidarpartiet er gode nok til å følgja opp. Men det som står med lita skrift i Nasjonal transportplan, burde truleg anten takast vekk eller stå med stor skrift, nemleg at me kvart år skal vurdere kva det er økonomisk forsvarleg å bruka pengar på. Folk opplever det jo som reine lovnader at det i 2004 kjem noko her, og som eg sa, er Jærbanen og godsterminalen eksempel på det. Men så kjem ikkje pengane så tidleg som ein hadde tenkt, og då er mi vurdering førebels at anten må me kalla Nasjonal transportplan ein prioriteringsplan, eller så må me i større grad klara å følgja opp det me har lova. For eg er samd med representanten i at vår einaste trøyst er at det ikkje er så stor avstand mellom det me i Arbeiderpartiet har lova, og det me held, som det er for regjeringspartia. Det er den trøysta me har.

Geir-Ketil Hansen (SV): Vi har en jernbane i Norge som i hovedsak er slik som den ble bygd for over 100 år siden. Behovet for oppussing og fornying av jernbanen er stort. I Nasjonal transportplan er det planlagt å investere 19 milliarder kr i infrastruktur på jernbane fram til 2012. Allerede nå ligger vi 6 milliarder kr etter denne planen. Norge er i ferd med å bli akterutseilt – en sinke – på jernbane.

SV har prioritert å øke bevilgningen til jernbane med 940 mill. kr i sitt alternative budsjett. Innenfor den reduserte vedtatte rammen til samferdsel har vi omprioritert og økt jernbaneinvesteringen med 293 mill. kr. Arbeiderpartiet derimot har kun økt rammen til jernbaneinvestering i sitt alternative budsjett med 80 mill. kr, og innenfor den reduserte rammen er det ikke prioritert et eneste øre

mer til jernbane. Dersom vi viderefører Arbeiderpartiets jernbanesatsing med 80 mill. kr pr. år i transportplanperioden, vil det bli knapt 1 milliard kr mer til jernbane. Det er ikke mye, og det ligger på det nivået som NSB kaller for saneringsalternativet.

Mitt spørsmål til Arbeiderpartiet og Ausdal Starrfelt er: Hvorfor har ikke Arbeiderpartiet prioritert mer til jernbane i sitt alternative budsjett? Og hva vil Arbeiderpartiet gjøre for at vi skal klare å gjennomføre målene for jernbane i Nasjonal transportplan?

Oddbjørg Ausdal Starrfelt (A): Her kan presidenten sjå korleis me har det: skjenn frå høgresida fordi me brukar for lite pengar til vegar, og skjenn frå venstresida fordi me brukar for lite pengar på jernbanen. Det er i grunnen akkurat der Arbeiderpartiet står. Me tykkjer begge delar er ganske viktig. Me klarar ikkje å prioritera vekk store samferdselsprosjekt, t.d. Lofast, fordi me skal ha meir pengar til jernbanen. Me tykkjer faktisk at Jærbanen og Lofast er like viktige. Med 200 mill. kr i tilleggsløyvingar la me difor inn 80 mill. kr til jernbanen. I andre omgang brukte me noko av dei til ekspressbussar og noko meir til kollektivsatstinga i storbyane, slik at kollektivprofilen ikkje er vesentleg dårlegare.

Når det er sagt, må eg seia at eg i løpet av det siste året har vorte ein varm jernbaneven. Der trur eg at eg iallfall har fraksjonen med meg, nokre har kanskje vore det endå lenger. Eg håper verkeleg at me får lagt eit godt grunnlag for å laga gode planar, der det er samsvar mellom det me lovar, og det me i neste omgang kjem med av pengar, slik at me òg kan visa ei skikkeleg satsing på jernbanen framover, at me ikkje berre ser at det går nedanom og heim, og ikkje gjer noko med det. Eg tykkjer Sverige kan vera ein god modell for oss i så måte.

Når det i eitt enkelt budsjett, der rammene er gjevne, er foreslått løyvingar til viktige prosjekt, er det mykje vanskelegare enn når me ser på dette i ein heilskap. Men som sagt: Prøver me å seia ja takk begge delar, vert det ikkje maksimalt korkje på jernbane eller veg.

Presidenten: Replikkordskiftet er dermed omme.

Kenneth Svendsen (FrP): Samferdsel er noe som angår oss alle, og den viktigste delen av samferdsel er veier. Veier er noe vi alle bruker, enten vi bor i det sentrale østlandsområdet eller langt ute i distriktet.

Dessverre ser det ut som om vei kommer i bakleksa i forhold til jernbane. Fremskrittspartiet har i sitt alternative statsbudsjett lagt til grunn at det skal brukes nesten 1,7 milliarder kr mer til samferdsel. Når man tar med de reduksjonene vi foreslår når det gjelder jernbane og andre effektiviseringsforslag innen samferdselsbudsjettet, frigjør Fremskrittspartiet totalt 3,8 milliarder kr til veiformål. I tillegg til dette har vi i utenlandsbudsjettet foreslått å bruke 1,5 milliarder kr til veibyging, slik at den totale potten Fremskrittspartiet ønsker å bruke på veibyging og vedlikehold, er ca. 17 milliarder kr, et tillegg på 5 milliarder kr i forhold til det Regjeringen har foreslått.

Behovet for mer penger til veiformål er enormt. Når man leser i aviser og ser på TV at Sverige, med tusen milliarder kr i gjeld, kraftig forserer veibygingen av ny E6 fra Svinesund inn i Sverige, mens vi, i et av verdens rikeste land, ikke vil bruke penger for å redde liv på E6 gjennom Østfold eller andre fylker, må en nesten være norsk stortingspolitiker for å forstå det. Fremskrittspartiet har foreslått en betydelig satsing på E6 gjennom Østfold, og det er viktig å merke seg at dette er friske penger!

Fremskrittspartiet ser at det er behov for en massiv utbygging av veisektoren. Da nytter det ikke å lure seg selv ved å ta fra ett prosjekt for å gi til et annet. Om et liv går tapt i Vestfold, Østfold eller Trøndelagsfylkene, er det like galt. Det som er spesielt galt, er at mange av disse livene kunne ha vært spart hvis flertallet på Stortinget hadde vært villig til å bruke mer penger på veiinvesteringer og veivedlikehold. Det er investeringer i forskjellige nye traseer, bl.a. på E6 i Akershus, gode eksempler på. Det har vi sett i Vestfold også, der nye veier med høyere fartsgrenser – 100 km i timen – fører til dramatisk fall i ulykkesfrekvensen. Det er etter at de nye, bedre veiene har kommet på plass.

For Fremskrittspartiet er det særdeles viktig å fjerne ulykkene på veiene. Det burde det også være for de øvrige partiene i denne salen. Når jeg legger godviljen til, tror jeg at de mener det når de sier at de arbeider ut fra nullvisjonen: null drepte og skadede i trafikken. Problemet er bare at det ser ut som om flertallet har betydelige problemer med å forstå hvordan man når et slikt mål. For å forstå det vil jeg anbefale de partiene som ikke ønsker å bruke mer penger på vei og veiløsninger, å lese Fremskrittspartiets alternative budsjett. Der står de fleste løsningene.

Selv om det å komme ulykker til livs er viktig, er også fremkommelighet viktig. Rask og stabil fremkommelighet er meget viktig for næringslivet. Dette er et være eller ikke være for bosettingen. Hvis flertallet som snakker så fint om distriktspolitikk, hadde ønsket å satse på veibyging og veivedlikehold, hadde nok også fraflyttingsstatistikken sett annerledes ut. Det burde være et dilemma for både Høyre, Arbeiderpartiet, SV og Senterpartiet at hver gang flyttestrømmen øker, sender de samme partiene mer penger til fylkeskommuner og kommuner, som om at de flyttet sørover! Jeg har ikke sett en eneste kommune som har flyttet sørover, men derimot har jeg sett en mengde enkeltmennesker og bedrifter som gjør det. De andre partiene sender da altså mer penger til kommunene når det er enkeltmenneskene og bedriftene som har problemer. Og så sitter de og klør seg i hodet og lurert på hvorfor næringsliv og befolkning flytter!

Budsjettavtalen mellom Fremskrittspartiet og regjeringens partiene førte dessverre ikke til den store pengeflyten fra jernbane over til vei. Som det kan leses i vårt budsjettforslag, som ligger innenfor rammen, flytter Fremskrittspartiet i overkant av 1 milliard kr fra jernbane over til veiformål. I årets budsjettavtale klarte vi å flytte nye friske midler, 150 mill. kr, til mer veibyging. Dette er

selvfølgelig altfor lite, men det er i hvert fall et lite skritt i rett retning. Men som sagt: Det er dessverre altfor lite.

I forrige budsjettavtale med regjeringspartiene fikk Fremskrittspartiet med seg regjeringspartiene på økt konkurranse, bl.a. på jernbanesporet. Jeg har registrert at de som er motstandere av konkurranse, bruker mange motargumenter, bl.a. at det ikke er andre aktører som er klare til å komme inn på markedet. Til det er det å si at en kan ikke forvente at det står norske aktører klar til å starte jernbanedrift i dag når det tidligere ikke har vært lov å ha konkurranse på sporet. Men jeg er sikker på at når dette nå er vedtatt, og det blir etablert et marked, vil aktører dukke opp, både norske og utenlandske. Og hadde dette vært gjort tidligere, hadde norske aktører allerede vært etablert og kunne kanskje hatt fortrinn i Europa etter hvert som skinnegangen også åpnes her. Men med den steile holdningen Arbeiderpartiet og SV har hatt mot fremskritt, er dessverre muligheten langt dårligere.

Hele hensikten med en slik reform er å få konkurranse, slik at brukerne kan få et bedre tilbud, og at det offentlige kan frigjøre midler som kan brukes på andre samferdselsområder, og da fortrinnsvis på veibygging. Jeg ser for meg at de mange ulønnsomme jernbanestrekningene som Stortinget ønsker å videreføre, settes ut på anbud, slik at det offentlige kjøper tjenester av den som gir best mulig tilbud til lavest mulig pris. Dette er et enkelt og godt prinsipp som bl.a. brukes ved kjøp av flytjenester fra Widerøe. Og jeg har ikke hørt noen som har tatt til orde for at staten må eie Widerøe for at kundene i områder der det ikke er lønnsomt å fly, skal få et godt flytilbud.

Ekspressbussene er en fleksibel og effektiv måte å løse kollektivtilbud på. I dag har det vært tilnærmevis umulig å etablere ekspressbussruter som har konkurranseflate mot jernbane, og behovet for liberalisering på dette området har vært åpenbart for de fleste gjennom mange år. Fremskrittspartiet har selvfølgelig flere ganger tatt dette opp, gjennom spørsmål eller som forslag. I fjor fikk vi altså gjennomslag for dette prinsippet. Det er ikke først og fremst en seier for Fremskrittspartiet, men for brukerne. Problemet er at det ser ut som det går veldig seint i Samferdselsdepartement når det gjelder å få godkjent slike tilbud. Jeg vet at det foreligger ønske om å starte opp et slikt tilbud bl.a. mellom Bodø og Trondheim, men det ser ut som det tar tid å få klargjort det. Jeg minner bare om at dette har Stortinget vedtatt i fjor.

Når det gjelder diesellavgiftsrefusjon for ekspressbuss, kan ikke jeg forstå at regjeringspartiene med Venstre i spissen på nytt prøvde å fjerne denne, noe som ville ha ført til færre og dyrere bussruter i Distrikts-Norge. Heldigvis klarte Fremskrittspartiet å slå tilbake det distriktsfiendtlige forsøket fra Regjeringen på å fjerne disse midlene. Det er 30 mill. kr i kompensasjon til ekspressbusse fordi flertallet på Stortinget påla bussdrift diesellavgift. Dette viser at når de andre partiene snakker om kollektivløsninger, også for distriktene, handler Fremskrittspartiet. Hvis noen skulle lure, er dette kanskje en av grunnene til at Fremskrittspartiet er i sterk vekst bl.a. i Distrikts-Norge.

Før 11. september i fjor var det klare tegn på at bruk av fly som transportmiddel var avtagende. Denne reduksjonen ble kraftig forsterket etter angrepene på USA den 11. september. Selv om situasjonen har stabilisert seg, står luftfarten overfor store utfordringer i fremtiden. Spesielt vil lavere aktivitet føre til lavere inntekter for Luftfartsverket. Det er etter Fremskrittspartiets syn særdeles viktig at Luftfartsverket i en slik situasjon viser at de er omstillingsvillige. Luftfartsverkets kostnader videreføres som kjent til brukerne i form av forskjellige flyavgifter. Hvis Luftfartsverket ikke klarer å omstille seg til lavere inntekter, vil dette kunne føre til høyere brukeravgifter, noe som vil være dramatisk i og med at Norge allerede har en av verdens høyeste brukeravgifter. En økning av slike avgifter vil føre norsk luftfart inn i en ond spiral med stadig høyere priser, noe som igjen vil føre til færre passasjerer og mindre inntekt.

Gjennom budsjettavtalen for 2002 fikk Fremskrittspartiet gjennomslag for at Luftfartsverket skal organiseres som et aksjeselskap. Dette setter Luftfartsverket bedre i stand til å møte fremtiden til beste for brukerne. Fremskrittspartiet mener omdanningen av Luftfartsverket til aksjeselskap vil gi en betydelig effektiviseringsgevinst, men det er særdeles viktig å få slått fast at en slik gevinst ikke skal komme staten til gunst i form av avkastning og deretter utbytte. Det er en forutsetning for Fremskrittspartiet at omdanningen til aksjeselskap helt og fullt skal komme brukerne til gode i form av lavere avgifter. Det er viktig å få med seg at midlene som er brukt til oppbygging og drift av flyplasser i dette landet, ikke er midler som staten har betalt inn, men midler som flypassasjerene har betalt inn i form av avgifter. Det er derfor direkte umoralsk at staten skal kunne ta utbytte av disse midlene. Men dette vil vi komme tilbake til.

En kritisk gjennomgang av Luftfartstilsynet vil kunne gi besparelser, slik at brukeravgiftene skal kunne reduseres. Fremskrittspartiet går da også imot innføring av en ny passasjeravgift for å finansiere sikkerhetskontrollen.

På bakgrunn av dette tar jeg opp de forslagene som Fremskrittspartiet har fremmet, og de forslagene som Fremskrittspartiet er medforlagsstiller til.

Jeg gjør oppmerksom på at om vårt gode alternative forslag mot all formodning skulle falle i denne salen, vil vi subsidiært støtte det fremforhandlede forslaget fra regjeringspartiene.

